



Baronen ved kai i Herøysund – biletet er teke ein pàske for nokre få år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tilskiparane av valmøtet på Helgheim tirsdag kveld har registrert ein viss frustrasjon over at ein eventuell stopp i Herøysund for Rosendal-ruta ikkje har vore framme i nokon særleg grad i valkampen så langt.

- Saka er av stor interesse for uskedalingane og bør drøftast før valet, seier møteleiar Kristian O. Bringedal til uskedalen.no.

Difor vil han bringa fram saka på møtet og konfrontera politikarane med ho sjølv om saka ikkje er heilt lokal. Mottoet for møtet er ellers at det skal konsentrera seg om lokale saker og stilla spørsmålet: Kva vil du og ditt parti gjera for Uskedalen i dei næraste fire åra?